

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
015/16	Plan- og miljøutvalet	PS	17.02.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Benjamin Hicks	15/2833

Klage på dispensasjonsvedtak vedrørende oppføring av uthus - gbnr 238/26 Eknes Indre

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå LNF - gbnr 238/26 Eknes indre
Avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av uthus - Gbnr 238/26 Eknes indre
Søknad om dispensasjon - 238/26 Eknes indre - LNF
Situasjonskart / kart
Kart og målebrev
Bilete
KartFoto, skjøyte, mm
Oversiktskart - kommuneplanen - 238_26

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune sitt vedtak datert 02.12.2015 vert oppretthaldt. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Klagen vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

.....

Plan- og miljøutvalet - 015/16

PM - behandling:

Utvalet mottok epost frå Henriette Johanne Meyer idag om at saka vert utsett.

Framlegg frå Karl Vågstøl-H:

Plan- og miljøutvalet ber om at sak 015/16 vert utsett. Vidare at det blir synfaring på tiltaket.

Framlegget vart vedteke mot 3 røyster (Ståle Hauge-Ap, Hogne Brunborg-Ap, Jørgen Herland-Sp).

PM - vedtak:

Plan- og miljøutvalet ber om at sak 015/16 vert utsett. Vidare at det blir synfaring på tiltaket.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

Historikk:

Vedtak i sak 164/15 (02.12.2015):

Søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og 100 metersbeltet mot sjø for oppføring av uthus vert avslått.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.
Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 (disp frå kommuneplan) og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Bakgrunn

Eigar av gbnr 238/26 (Henriette Johanne Meyer) har klaga på plan- og miljøutvalet sitt vedtak i sak 164/15. Klagar søkte om dispensasjon for å kunne oppføre eit uhus på 15-20 m² på ein ubebygd eigedom.

Vurdering

Til klagen:

Klagar har i all hovudsak kome med fylgjande moment:

- Klagar meiner at det «foreligger ikkje begrunnelse i avslaget hvordan et uthus kan stride mot forutsetningen for loven»
- Klager meiner at at avslaget ikkje «begrunner hvile ulemper det omsøkte tiltak eventuelt vil føre til herunder hvordan oppføring av et uthus vil gripe inn i de landskaps- og verneinteressene pbl § 1-8 og LNF-område skal ta vare på2.
- Klagar meiner at drivhuset er lovleg satt opp. Klagar seier at «Dette ble bekreftet i sin tid i samtale med saksbehandler for saken min i 2005, der også nåværende saksbehandler ble informert om det».
- Klager mener «det er en feil ved vedtaket når en av begrunnelsen ikke kan se at det er foretatt en vurdering av de faktiske forhold på stedet, og viser til at eiendommen i praksis er svært lite tilgjengelig».

Vurdering:

Kommunen kan opplyse at det går fram av saksutgreiinga at «omsynet bak byggjeforbodet i strandsona er» blant anna «å gje strandsona eit særskil vern og halde den fri for tiltak». Oppføring av bygning her vil stride med omsynet bak lova.

Kommunen kan opplyse at det går fram av saksutgreiing at «ein dispensasjon i dette tilfelle vil gripe inn i dei landskaps- og verninteressene som pbl § 1-8 og LNF-område skal ta vare på» og at «det er ynskjeleg å unngå ei uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur» (landskapsomsyn). Tiltaket vil også medføre privatisering av eigedomen, og virke avvisende på ålmenta si ferdsle og friluftssyn. Vi minner på om at lova krev at fordelane skal vere klart større enn ulempene. Kommunen vil

vise til at det ikke kan leggest vekt på dei omsyna som s kjar har lagt fram i s knaden d  den aktivitet som er skildra i s knaden ikkje kan sj ast p  som stadbunden n ring. Vi kan ikkje sj  at det det er nokon fordelar ved tiltaket.

Kommunen har tidlegare (for fleire  r sidan) opplyst klagar at drivhuset ikkje er lovleg satt opp. Vi kan ikkje sj  at klagar sin p stand om at sakshandsamar skal vere kjent med noko anna medf rer riktighet.

Kommunen kan opplyse at det g r fram av saksutgreiinga at «Strandlinja er ikkje lett tilgjengeleg for  lmenta»

Kommunen kan ikkje sj  at det er kome inn nye moment som skulle tilseie ei endring av tidlegare avgjerd.

.....